

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.5.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 27/24. Revidert avtale om tenestekjøp mellom fjellstyret og Lærdal kommune

### Saksopplysning/vurdering

Aurland fjellstyre har sidan 2012 hatt ein avtale med Lærdal kommune om tenestekjøp til oppgåver innan kommunal viltforvaltning i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland. Omfanget av avtalen er 850 timar per år, dvs. eit halvt årsverk. Det er kvart år halde evalueringsmøte mellom fjellstyret v. dagleg leiar og kommunen v. landbrukssjefen, der og den tilsette som har hovudansvaret for viltforvaltingsarbeidet har delteke. Alle partar har gjeve uttrykk for at ordninga har fungert godt, og at timetalet som inngår i avtalen normalt er dekkande. I dei siste møta har det kome fram moment som me meiner bør leggjast inn i avtalen. Til evalueringsmøtet halde den 14. mai i år vart det difor skrive ein revidert avtaletekst. Denne reviderte avtaleteksten ligg ved. Nye punkt i teksten er markerte med gul farge. Det vil i møtet og liggja føre ein reinskrevne avtaletekst, klar for underskriving. Av føreslegne endringar kan nemnast:

- Lista over aktuelle oppgåver er utvida, på grunnlag av erfaringar ein har gjort dei 12 åra avtalen har fungert.
- Reisetid mellom oppmøtestad (fjellstyrekontoret) og rådhus/arbeidsstad i nabokommunane vert medrekna i arbeidstida som vert fakturert.
- Deltaking på kurs og fagsamlingar som er pålagt av felles landbrukskontor ÅLA skal dekkast fullt ut av kommunen.
- Ordninga med godtgjersle for telefonvakt, som fjellstyret og kommunen gjorde vedtak om å etablera i 2017, vert teken inn som eit eige punkt, med vilkår om årleg indeksregulering av godtgjersla.
- Lagerleige for kommunalt utstyr i garasjen ved fiskehuset vert lagt inn som eit punkt i avtalen, med vilkår om indeksregulering.

Saksgangen det vert lagt opp til, er at fjellstyreleiar skriv under avtalen etter handsaminga i fjellstyret. For Lærdal kommune er det kommunedirektøren som skriv under. I tilfelle det skulle vera trong for å gjera mindre endringar i teksten etter handsaminga i fjellstyret, kan det vera greitt at leiaren får fullmakt til å godkjenne slike.

### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner den reviderte tenestekjøpsavtalen om viltforvaltingsoppgåver m.m. mellom fjellstyret og Lærdal kommune. Leiaren får fullmakt til å godkjenne eventuelle mindre endringar i avtaleteksten før underskriving av avtalen.

Fjellstyrekontoret, den 16.5.24

Harald Skjerdal

# Avtale om tenestekjøp mellom Lærdal kommune og Aurland fjellstyre

## 1. Oppgaver

Lærdal kommune ved Felles Landbrukskontor ÅLA kjøper tenester hjå Aurland fjellstyre til utføring av oppgaver knytt til kommunal viltforvaltning. I hovudsak gjeld dette spørsmål og problemstilling som er omfatta av *Viltlova med tilhøyrande forskrifter og retningsliner*. Også tematikk om vilt heimla i Naturmangfaldlova og Plan- og bygningslova er relevant. Andre oppgaver kan avtalast særskild (t.d. fisk, motorferdsel i utmark, hundelov m.m.).

*Dette gjeld mellom anna fylgjande oppgaver (lista er ikkje uttømmande):*

- Tildeling av fellingsløyve
- Rapportering – hjorteviltregisteret
- Sakshandsaming av viltsaker som krev vedtak (både administrativt og politisk)
- Kartarbeid knytt til vilt (t.d. valdkart, temakart)
- Forvaltning av viltfond
- Arbeid med kommunale måldokument (fjerne «Forvaltningsplan for hjortevilt»)
- Handsaming av saker etter lover og forskrifter som gjeld kommunal viltforvaltning
- Kontakt med ettersøksringane og Statens vegvesen
- Kontakt med hjorteutvala/bestandsplanområda
- Bistå i planarbeid der omsyn til vilt er relevant (t.d. arealplan, reguleringsplan)
- CWD – handtera kommunale oppgaver (t.d. koordinera prøvetakingsregimet)
- Følgja opp fluor-problematikken i Årdal
- Bistå kommunane i arbeidet med kvalitetsnorm og planar knytt villrein
- Bidra til å skapa interesse/aktivitet/næringsutvikling knytt til utmarksressursane og tilknyttta fond i ÅLA-kommunane.

Landbrukssjefen gjev instruks, og har avgjerdsmyndigheit for vedtak som skal gjerast.

Detaljar for oppgaver som skal utførast, skal avklarast med landbrukssjef eller **kommunedirektør** i Lærdal kommune. Kontaktperson i Aurland fjellstyre er dagleg leiar. Arbeidsomfang skal avklarast ut ifrå behovet til ei kvar tid, likevel inn til eit omfang på ei 50% stilling (850 timar) pr kalender år. Arbeidet vert i hovudsak utført i tidsrommet frå november til og med **juni** månad.

Aurland fjellstyre har fast kontor plass på Fjordsenteret i Aurland. **Etter avtale vert det kontordagar på Årdal, Lærdal og Aurland rådhus.**

## 2. Kompetanse

Det skal nyttast nynorsk som skriftspråk for Felles Landbrukskontor ÅLA. Som verktøy for all korrespondanse og sakshandsaming **skal kommunane sine sakshandsamingssystem nyttast.** Aurland fjellstyre har ansvar for kompetanse knytt til viltforvaltning. Lærdal kommune har

ansvar for kompetanse til bruk av arkivsystema. Aurland fjellstyre skal ha tilgang naudsynte program og nettverk.

### 3. Økonomi – oppgjer

Aurland fjellstyre sender faktura til Lærdal kommune for utført arbeid.

Timeprisen fylgjer satsen som årleg vert framforhandla mellom Noregs fjellstyresamband og Statens Naturoppsyn. For 2024 er satsen kr 748,- eks. mva.

Reiseutgifter i samband med arbeidsoppdrag vert fakturert på eiga rekning. Statens regulativ skal nyttast. Oppmøtestad for viltarbeidet er Fjordsenteret i Aurland. ~~Kostnadar med reis til kontoret på Lærdal rådhus skal dekkast, men tidsforbruket skal ikkje takast med i tidsforbruk.~~

Kostnadar med opphald og deltakaravgift for deltaking på kurs, seminar og fagsamlingar som gjeld viltforvaltning og er pålagt av Felles Landbrukskontor ÅLA, dekker Lærdal kommune. ~~Aurland fjellstyre dekkar kostnad med løn og reise.~~

Faktura med timeliste skal sendast etterskotsvis kvart kvartal til Lærdal kommune.

Årleg telefonvaktgodtgjersle vart etablert i 2017. Vaktgodtgjeringa skal fakturerast etter 4. kvartal. Summen skal regulerast kvart år etter konsumprisindeksen, men fyrste gong i 2024. I 2017 var vaktgodtgjersla 15 000 kr. Indeksregulert til april 2024 er vaktgodtgjersla 18 902 kr.

Aurland fjellstyre stiller med lagerplass til prøvetakingsutstyr, kjevar, fryseboks og kjøleskap m.m. Leige for dette er 5 000 kr årleg frå 2024 og vert fakturert etter 4. kvartal. Prisen skal indeksregulerast årleg.

Utlegg knytt til utføring av arbeidet (t.d. porto, emballasje etc.) vert refundert direkte av Lærdal kommune.

### 4. Utstyr

Aurland fjellstyre dekker kostnadar og drift av naudsynt utstyr som trengst for å utføra avtalt arbeid.

### 5. Varigheit av avtale - oppløysing av samarbeid

Avtalen gjeld frå underskrivingsdato til ein av partane seier opp avtalen.

Avtalen kan seiast opp av ein av partane med 3 månaders varsel.

Avtalen skal ~~evaluerast ved behov~~, eller når ein av partane krev det.

Avtalen er underskriven i to eksemplar. Kvar av partane har kvar sin avtale.

~~Avtalen erstattar avtale av 2.05.2012 om tenestekjøp mellom Lærdal kommune og Aurland fjellstyre.~~

Lærdal den.....

Aurland fjellstyre

Lærdal kommune